



Stian Helland er den einaste søkjaren til soknepreststillinga i Uskedalen.

Stian Helland (f. 1972) er søkjar til soknepreststillinga i Uskedalen. Helland kjem frå Fitjar og har sidan 2014 vore sokneprest i Ringsaker. Han har utdanninga si frå Det Teologiske Menighetsfakultet (MF) 2008 - 2014. Stian Helland kan syna til ei brei erfaring frå yrkeslivet og frå kyrkjeleg og kulturelt arbeid.

Stian Helland har ein bakgrunn som ikkje er typisk for prestar. Han har mellom anna utdanning frå teknisk fagskule og frå Bergen Maritime Høgskule. Med dette som bakgrunn har han yrkespraksis som bygningstømrar, kuldemontør og sjømann. Han har også vore sjølvstendig næringsdrivande, dagleg leiar i eit bustadfirma og ikkje minst arbeid i Sjømannskyrkja.

Helland har hatt styreverv i både private og kyrkjelege organisasjonar. Av kyrkjelege verv kan vi ta med gudstenesteutval, sokneråd og musikkomite. Det siste gjeld for Sjømannskyrkja i New Orleans.

I søknaden kjem det fram nokre satsingsområde for kva som er viktig for kyrkja i framtida:

- At kyrkja skal vera ei demokratisk folkekyrkje, open for alle
- At kyrkja skal vera engasjert i lokalt kulturarbeid
- At kyrkja skal vera aktiv i arbeidet for rettferd og miljø

Stian Helland er åleine søkjar til prestestillinga i Uskedalen. Før innstilling skal det vera intervju med søkjar. Jobbintervjuet vert gjennomført av Prosten i Sunnhordland, kontorleiar på Bispekontoret og representant frå

Uskedal sokneråd.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Privat